

Flyga-høgt-bonden

Livet hadde nok vore mykje kjedelegare utan utforskar-bonden, men fest setebelta!

- Møter du hovudristing og skepsis til kjøkkenhagar og dyrking i krukker og balkongkassar?

- Nei, snarare tvert om. Dette blir motteke positivt. Dyrkingstipsa som eg formidlar utfordrar nok på einskilde område den etablerte kunnskapen som gjeld i det industrialiserte landbruket. Men då plar eg streka under at mine råd og løysingar som kanskje kan opplevast «rare», er mynta på hobbydyrkaranane.

Ingen konfliktar

Asbjørnser ser ikkje nokre konfliktar mellom det han kallar hobbydyrkning og det industrialiserte landbruket.

- På ingen måtar. Me har bruk for heile mangfaldet og bør eigentleg omfamna kvarandre. Eg er svært glad i landbruket, men kunnskapar og erfaringar, som eg har og formidlar, er mynta på dei som driv på hobbybasis.


Å dyrka maten sjølv gjer noko med dyrkaren, erfarer Asbjørnser.

- Ein blir meir takksam for maten og kastar mindre. Dessutan ser eg at eg bruker meir av det eg har, og et ulik mat ut frå sesong.

- Kva blir neste steg?

- Ting kjem etter kvart. Nett no handlar det om eit litt større drivhus i hagen. Her skal eg prøva meg på nye vekstrar som fersken, aprikos og minikiwi.

Hagemat: Alle kan dyrka sin eigen mat, meiner bloggar, forfattar og kjøkkenhage-entusiast, Dennis Asbjørnser. Førebels har engasjementet resultert i to bøker.



Som ein virvelvind kom dottera vår på 20 år attende frå eventyr i den store verda. Ho hadde vore på skule i Mexico, Kambodsja og Malaysia. Ho elskar å utforske verda.

Og ho er totalt ekstrovert. Då ho kom heim, var det første ho spurte etter om vi ikkje kunne invitere alle venene i mils omkrins, sjølv etter mange timer i fly og med jetlag. Ho snakka og underhaldt ustanskeleg, med ein så sterkt varme at venene som fylte stova vår den kvelden kjende seg sett og ivaretakne. Ein utprega underhaldande personlegdom frå den fjerde gruppa i serien vår: Utforskarane, med følgjande undergrupper:

Underhaldar-bonden elskar å samle folk, fortelje vitsar og ta ein spontan song. Ikkje for å absolutt vere midtpunkt sjølv, men fordi han ynsker at alle skal kjenne seg vel, og ha det gildt. Ingen andre personlegdommar er så generøse med tid og energi ovanfor andre som denne. På garden er denne personlegdommen fantastisk, då han trivst i hektiske miljø. Å gi og få kjappe oppgåver passar underhaldar-bonden perfekt. Det svake punktet er at denne typen er kjenslestyrkt og fort kan bli såra av kritikk. For alt skal jo berre vere fest, og alle skal ha det bra! Får han likevel auge på eit godt hjarta bak kritikken, og innser at intensjonen med kritikken er bra, tek han imot.

Virtuos-bonden – ja, det er eit vaniskeleg namn, men sjå han føre deg som ein skapande person, bohemsk og avslappa, så har du forstått mykje. Virtuos-bonden er sjeldan, under fem prosent av oss har denne utrustinga. Han er ekstrovert, og ting skjer ofte raskt rundt han, utan forvarsel. Dette skjer fordi han ikkje er avhengig av andre sine tilbakemeldingar for å handla – han handlar på eiga hand. Det er ikkje vondt meint, det kjem berre overraskande på. I arbeidssamanheng får du lite tilbakemeldingar frå han. Det kan skape frustrasjon.

Likevel er det denne personlegdommen du vil ha med deg dersom krisa råkar garden din. For kombinasjonen virtuos-bonden sin spontanitet, kreativitet og løysingsorientering er gull verdt for å halde roen og kome seg ut av trøbbel.

«Denne typen er kjenslestyrkt og fort kan bli såra av kritikk.»

Eventyrbonden lever for å finne måtar å bruke lidenskapen sin på. Denne personlegdommen tar fleire sjansar og gamblar ofte med det trygge og vante. Heldigvis gjer denne leva-i-augneblin-kken-haldninga at eventyren gjer det betre enn mange andre reint arbeidsmessig. Dei har eit vinnande vesen, og veit alltid kva som må til for å få andre med på galskapen dei finn på. Kritikk er vanskeleg òg for denne typen. Somme eventyRARAR kan handtere gjennomtenkt og velformulert kritikk, men dersom motstanden er sterk og

Dette den siste av fire tekstar om Myers Briggs personlegdomstest i spalten Jordnært familieliv:

Myers Briggs 16 personalities DISK test hevdar at det finst fire ulike dominerande personlegdomstypar blant menneska:

1. Analytikarar, 2. Diplomatar, 3. Vaktarar og 4. Utforskalar